


## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Yrkesopplæringsnemnda</b>
<b>Møtestad:</b>	Statsporten 8. etg., Wigandgården
<b>Dato:</b>	09.09.2014
<b>Tid:</b>	10:00

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Yrkesopplæringsnemnda, og varamedlem for lærlingerepresentanten.

Kopi vert sendt til varamedlemene til orientering. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall) eller sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).



utvalsleiar



## **Sakliste**

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 21/14	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 22/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 23/14	Referatsaker (Meldingar)		
PS 24/14	Opplæring av faglege leiare og instruktørar i lærebedrifter	2014/862	
PS 25/14	Ymse		

PS 21/14 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

PS 22/14 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 23/14 Referatsaker (Meldingar)



Arkivnr: 2014/862-15

Saksbehandlar: Trond-Harald Alvær

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	24/14	09.09.2014
Opplærings- og helseutvalet		16.09.2014

### Opplæring av faglege leiarar og instruktørar i lærebedrifter

#### Samandrag

Fylkestinget bad i møte 10. og 11.12.2013, sak 87/13, fylkesrådmannen om å syte for følgjande:

- *Sikre at flest mogleg gjennomfører instruktørkurs for å bidra til å sikre at lærlingane får den oppfølginga og det faglege innhaldet dei har krav på i læretida.*

Bakgrunnen for vedtaket er forvaltningsrevisjonsrapporten «Fagopplæring i Hordaland fylkeskommune».

Fylkesrådmannen har laga ein handlingsplan (sak 2014/862) som svar på bestillinga.

Opplærings- og helseutvalet vedtok 14. mai 2013 at det skal vere obligatorisk opplæring av faglege leiarar. Før endeleg godkjenning som lærebedrift vert gitt, er det derfor krav om at fagleg leiar deltek på Hordaland fylkeskommune sitt informasjonsmøte om lærlingordninga. Det er også krav om at fagleg leiar gjennomfører HFK sitt ein-dags kurs (eventuelt to-dagars kurs) for instruktørar og faglege leiarar innan eitt år etter godkjenninga.

Grunngjevinga er at bedrifta skal få best mogleg forståing av lærlingordninga og dei rettar og plikter ein lærekontrakt fører med seg.

Etter at OPHE gjorde vedtak om at kursa skal vere obligatoriske, har vi pr august 2014 eit etterslep på om lag 1200 aktive faglege leiarar med ansvar for løpande lærekontraktar som ikkje har gjennomført kurset. Fagopplæringskontoret i Hordaland fylkeskommune har sidan januar 2014 gjennomført ei forsøksordning med ein-dags kurs for faglege leiarar og instruktørar i lærebedriftene i tillegg til dei allereie etablerte to-dagars kursa.

Når det gjeld tilbod om ettermiddags-/kveldskurs og fleire bransjespesifikke kurs, har fagopplæringskontoret nytta seg av bransjespesifikke opplæringskontor som instruktørar og teknisk arrangør. Fagopplæringskontoret har lytta til bransjar som sjølv ønskjer å halde kurs for sine medlemsbedrifter.

Fagopplæringskontoret erfarer så langt at med ovannemnde modell og overgang til ein-dags kurs, vil talet på gjennomførte kurs auke. Eit samarbeid med dei bransjespesifikke opplæringskontora vil gje ei fleksibel ordning som er tilpassa dei fleste av våre kursdeltakarar med omsyn til gjennomføringstidspunkt.

### Forslag til innstilling

1	OPHE tar planen for opplæring av faglege leiarar og instruktørar til orientering
2	OPHE ber Opplæringsavdelinga om å setje av eller budsjettere med naudsynte ressursar for at planen kan gjennomførast slik den er lagt fram. Opplæringsavdelinga lagar budsjett for gjennomføring over ein periode på 5 år
3	OPHE understrekar at HFK er eigar av kursa og ansvarleg for kvaliteten

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 27.08.2014**

Fylkestinget bad i møte 10. og 11.12.2013, sak 87/13, fylkesrådmannen om å syte for følgjande:

- *Sikre at flest mogleg gjennomfører instruktørkurs for å bidra til å sikre at lærlingane får den oppfølginga og det faglege innhaldet dei har krav på i læretida.*

Bakgrunnen for vedtaket er forvaltningsrevisjonsrapporten «Fagopplæring i Hordaland fylkeskommune».

Fylkesrådmannen har laga ein handlingsplan (sak 2014/862) som svar på bestillinga. Handlingsplanen seier følgjande om det ovannemnde tiltaket:

	Vedtak frå Fylkestinget	Planlagt framdrift	Planlagde tiltak	Ansvar
7	<i>Sikre at flest mogleg gjennomfører instruktørkurs</i>	Høg prioritet frå 1.1.14 og dei næraste 3-5 åra.  Sak om rutinar og opptrappingsplan blir lagt fram på møtet i OPHE 3.6.14	Auke kapasiteten ved å: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Prøve ut ein-dags kurs</li> <li>• Ha tilbod om kveldskurs</li> <li>• Ha fleire bransjespesifikke kurs</li> <li>• Auke talet på ordinære kurs</li> </ul> Kvalitetssikre innkalling og oppfølging av faglege leiarar	Fylkesdirektør opplæring

**Kvalitetssikre innkalling og oppfølging av faglege leiarar**

Opplærings- og helseutvalet vedtok 14. mai 2013 at det skal vere obligatorisk opplæring av faglege leiarar. Før endeleg godkjenning som lærebedrift vert gitt, er det derfor krav om at fagleg leiar deltek på Hordaland fylkeskommune sitt informasjonsmøte om lærlingordninga. Det er også krav om at fagleg leiar gjennomfører HFK sitt ein-dags kurs (eller to-dagars kurs) for instruktørar og faglege leiarar innan eitt år etter godkjenninga.

Dette blir gjort for at bedrifta skal få best mogleg forståing av lærlingordninga og dei rettar og plikter ein lærekontrakt fører med seg.

Krav til fagleg leiar og instruktørar i lærebedriftene er heimla i Opplæringslova § 4,3 med tilhøyrande merknader i Odelstingsproposisjon nr 41 (2006-2007) til § 4-3. Denne paragrafen må også sjåast i samanheng med forskrifta til opplæringslova § 11-1 Godkjenning av lærebedrift, samt merknader frå Utdanningsdirektoratet, rundskriv 3-2008 til § 11-1 i forskrifta.

Alle som deltek på informasjonsmøta, blir registrerte på oppmøteskjema og ført inn i Vigo på det føretaket dei er fagleg leiar/instruktør for. Alle som deltek på fagleg leiar- og instruktørkurs, blir registrerte på Vigo på den enkelte deltakar, og på grunnlag av dette vert det utskrive kursbevis. Godkjenning som fagleg leiar følgjer personen og ikkje føretaket.

## **Gjennomføring av opplæringa komande 5-års periode**

Etter at OPHE gjorde vedtak om at kursa skal vere obligatoriske, har vi pr august 2014 eit etterslep på om lag 1200 aktive faglege leiarar med ansvar for løpande lærekontraktar som ikkje har gjennomført kurset. Grunna det store etterslepet på faglege leiarar med ansvar for løpande lærekontraktar ser fagopplæringskontoret ein realistisk gjennomføringshorisont på inntil fem år, slik vi er dimensjonerte med dei kursinstruktørane vi pr i dag har til rådvelde.

Det er vidare naudsynt med ei styrking av budsjettet til fagopplæringskontoret i forhold til den delen av kompetanseplanen som fagopplæringskontoret har saman med opplæringsavdelinga. Her kunne det vore føremålstenleg med eige budsjett til kurs for faglege leiarar. Med ei styrking av årleg budsjett med kr 1 200 000,- vil etterslepet kunne vere avvikla innan 5 år. Dette kjem i tillegg til dei kr 630 000,- seksjonen har til rådvelde pr år for dei ordinære kursa.

Fagopplæringskontoret sine rutinar når det gjeld å registrere fagleg leiar i ei bedrift, skjer i samband med søknadsprosessen for den enkelte som søker om å bli godkjent. Vidare blir Vigo gjennomgått kvart år for å sjå om våre opplysningar er korrekte. Dette kan også avdekkast ved bedriftsbesøka vi gjennomfører. Her blir alltid opplysningane i Vigo gjennomgått og kontrollerte. Her vil det på grunnlag av bedriftsbesøk og gjennomgang av opplysningar registrert i Vigo bli sendt ut innkalling til dei som innehar rolla som fagleg leiar i den enkelte lærebedrift og ikkje har delteke på kurset for faglege leiarar. Det store talet gjer at vi må ha ein tidshorisont på inntil 5 år for å sikre god kvalitet på gjennomføringa av kursa. Når det gjeld instruktørar som ikkje kursa er obligatoriske for, har dei høve til å delta på dei ordinære kursa. Dette vil også gi eit betre grunnlag for dei bedrifts-/personalopplysningar fagopplæringskontoret har i Vigo om lærebedrifter og faglege leiarar. Kursgjennomføringa av sistnemnde gruppe vil skje gjennom dei ordinære kursa. Dimensjoneringa av kursa slik det tidlegare er skildra, gir oss ein tidshorisont for ei forsvarleg gjennomføring på 5 år for etterslepet. Dette kjem i tillegg til ordinære kurs for faglege leiarar i bedrifter som vert godkjent fortløpande.

## **Utprøving av ein-dags kurs**

Fagopplæringskontoret i Hordaland Fylkeskommune har sidan januar 2014 gjennomført ei forsøksordning med ein-dags kurs for faglege leiarar og instruktørar i lærebedriftene i tillegg til dei allereie etablerte to-dagars kursa. Alt kursmateriellet har vore gjennomgått og revidert for å tilpasse det til den nye strukturen. Det tilpassa kursmateriellet blir retta mot lærebedrifta og dei formelle oppgåver og plikter som lærebedrifta tar på seg. Kurset har etter fagopplæringskontoret si oppfatning vorte meir retta mot formidling av kunnskap om det å vere lærebedrift. Bakgrunnen for å etablere ei forsøksordning var eit ønskje frå partane om å finne ei meir kostnadseffektiv gjennomføring som ikkje kompromitterer det faglege innhaldet eller læringsutbyttet for dei som deltek. Det låg også føre heilt klare synspunkt frå lærebedriftene om at det å delta på eit ein-dags kurs var lettare å tilpasse resten av arbeidet.



Det blei medio juni 2014 gjennomført ei evaluering av forsøksordninga etter om lag 6 månaders prøvetid. Kursdeltakarane på ein-dags kursa og på dei allereie eksisterande to-dagars kursa har svara på undersøkinga. Det er mottatt totalt 352 svar, 122 frå forsøksordninga med ein-dags kurs, og 230 frå deltakarar på dei etablerte to-dagars kursa. At det er mottatt fleire svar frå dei som deltek på to-dagars kurs, har si forklaring i at det er gjennomført fleire to-dagars kurs enn ein-dags kurs i ovannemnde forsøksperiode. Ved gjennomgang og analyse av mottekne evalueringsskjema (det vert lagt inn ein føresetnad om likt tal ein- og to-dagars kurs), meiner fagopplæringskontoret at ein-dags kursa har ein gjennomsnittleg høgare score enn to-dagars kursa. Ei naturleg forståing av dette er at ein-dags kursa er betre likte og betre tilpassa deltakarane.

På kostnadssida kan det med rimelig grad av sikkerheit slåast fast at ein-dags kursa er meir økonomisk berekraftige for både deltakarane og fagopplæringskontoret som kursarrangør. Fagopplæringskontoret er av den oppfatning at ordninga med ein-dags kurs gradvis skal fasast inn som det ordinære kurstilbodet. Dei eksisterande to-dagars kursa bør gradvis fasast ut, men der det er føremålstenleg, kan det gjennomførast to-dagars kurs. Dette kan vere aktuelt når kursstaden er lokalisert utanom byområde, f.eks. i Indre Hordaland. Her utgjer reiseveg og -tid ein stor del av kursdagen for deltakarane og kursinstruktørar. Her kan det framleis gjennomførast to-dagars kurs dersom talet på påmelde kursdeltakarar til desse kursa er på minimum 15 deltakarar.

#### **Tilbod om kveldskurs og fleire bransjespesifikke kurs**

Fagopplæringskontoret nyttar seg av bransjespesifikke opplæringskontor som instruktørar og teknisk arrangør. Fagopplæringskontoret har lytta til bransjar som sjølv ønskjer å halde kurs for sine medlemsbedrifter. Her er det halde kurs til forskjellige tidspunkt, også på ettermiddag og kveldstid. Tilbakemeldingane til fagopplæringskontoret på ovannemnde gjennomføringstidspunkt er gode, og dette er ei ordning som bransjane sjølve ønskjer å fortsette med.

Fagopplæringskontoret har sett nokre ufråvikelege krav til dei som ønskjer å inngå eit samarbeid om desse kursa. Fagopplæringskontoret er ansvarleg for kvaliteten på innhald og gjennomføring. Fagopplæringskontoret skriv ut kursbevis til dei som deltek og gjennomfører kursa og står inne for kvaliteten på tilboda. Alle kurs vert kunngjorde gjennom fagopplæringskontoret sine nettsider på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no). Fagopplæringskontoret mottar alle påmeldingar og kanaliserer deltakarane til vald kurs. Vigo blir ajourført på grunnlag av mottekne deltakarlistar frå kursarrangørane, og fagopplæring skriv ut kursbevis og ajourfører Vigo. Dette sikrar at Vigo er oppdatert i forhold til lærebedriftene sine faglege leiarar og instruktørar. Alle kursa skal vere opne for alle lærefag, slik at kursdeltakarane i størst mogleg grad kan velje eit tidspunkt som er mest mogleg individuelt tilpassa den enkelte.

#### **Auke talet på gjennomførte kurs**

Fagopplæringskontoret erfarer med ovannemnde modell og overgang til ein-dags kurs at talet på kursdeltakarar som melder seg på og gjennomfører kurset, er aukande. Eit samarbeid med dei bransjespesifikke opplæringskontora gir eit reelt kurstilbod til alle som er faglege leiarar og instruktørar i dei

ulike lærebedriftene. Fagopplæringskontoret vil i januar 2015 gjennomføre ei evaluering av den nye kursstrukturen for å undersøke om endringa har medført større gjennomføring og at fleire faglege leiarar og instruktørar har deltatt og gjennomført kurset.

PS 25/14 Ymse